



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Eva Katrine Taule, 55 57 22 26
Anniken Fris, 55 57 22 05

Vår dato
21.04.2008
Dykkar dato
20.02.2008

Vår referanse
2007/44 732.1
Dykkar referanse

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

| | |
|--------------------------------|-------------|
| HORDALAND FYLKESKOMMUNE | |
| Saknr. 200603248 | Dok.nr. 64 |
| 25 APR. 2008 | |
| Arkivnr. 712 | Saksh. JGAR |
| Eksp. | |
| U.off. | |

Uttale til høyring av Fylkesdelplan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2008 – 2012, Aktiv kvar dag.

Vi viser til dykkar brev av 20.februar 2008 med framlegg til Fylkesdelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv på høyring. Vi viser også til Planforum 02.10.07 der planframlegget var tema.

Fylkesmannen har ansvar for at nasjonal politikk vert formidla og ivaretatt i handsaminga av fylkeskommunale og kommunale planar. Vi vil difor kommentera planutkastet ut i frå statlege forventingar og krav til planlegginga. Fylkesmannen har oppgåver knytt til oppfølging av nasjonale mål innan arealforvaltning, friluftsliv, kulturlandskap/landbruk, førebyggjande helse og utdanning. Vi vil kommentera tilhøve til desse fagområda nærmare.

Bakgrunn

Aktiv kvar dag 2008 - 2012 er rullering av Fylkesdelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv(2002-2005). Planframlegget uttrykkar politiske ambisjonar og prioriteringar innafor dette temaet i perioden. Prioriterte satsingsområde i planframlegget er:

1. Fysisk aktivitet (partnarskap for folkehelse, idrett og friluftsliv)
2. Anlegg for idrett og friluftsliv.

Hordaland fylkeskommune vil samordne og styrkje samarbeidet mellom det offentlege, dei frivillige og næringslivet for å gje gode føresetnader for kvardagsaktivitet. Gjennom informasjon, rettleiing og motivasjon skal visjonen – Aktiv kvar dag – realiserast gjennom mål og tiltak i planperioden.

Planprosessen

Fylkestinget vedtok oppstart av planarbeidet 10.10.2006. Ei prosjektgruppe har drøfta visjon, hovudmål og strategi og ressurspersonar har vore involvert i ulike fasar av planarbeidet. Det har også vore regionale samlingar med kommunane.

Med unntak av drøfting i Planforum har Fylkesmannen ikkje vore med i planarbeidet. Vi har ikkje fått melding om oppstart av planarbeidet slik som plan- og bygningslova sett krav om. Dette er generelt uheldig utifrå det ansvaret Fylkesmannen har for å ivareta nasjonale omsyn i fylkeskommunale planprosessar og spesielt i høve til vårt ansvar for friluftsliv, helse, barn og unge samt partnarskapsavtalen om folkehelse mellom fylkeskommunen og Fylkesmannen.

Statens hus
Kaigaten 9, 5020 Bergen
Telefon: 55 57 20 00
Telefaks: 55 57 20 09

Miljøvernvedelinge
Postboks 7310, 5020 Bergen
Telefaks:
Org.nr: 974760665

E-post:
postmottak@fmho.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/hordaland

Planarbeidet var ein del av temaet på planforumsmøtet 2. oktober. Manglande prosess i høve til Fylkesmannen vart diskutert og det vart konkludert med at det skulle arrangerast eit arbeidsmøte med regionale organ. Møtet er ikkje gjennomført.

Tilhøve til nasjonal politikk

Fylkesmannen saknar overordna føringar frå nasjonal politikk som eit innleiande kapittel i planframleggjet. Det er eit nasjonalt mål at den regionale planlegginga skal medverke til å utvikle eit samfunn som tek vare på viktige felles verdiar og grunnleggjande levevilkår for ulike grupper innafor rammene av ei berekraftig utvikling. I planprosessane skal det leggjast vekt på ei open haldning, innsyn og deltaking. (St.prp.nr.1(2006-2007))

Aktuelle nasjonale mål innafor dette planarbeidet som til dømes folkehelse, friluftsliv, grøntstruktur, barn og unge bør også gå fram av dette kapitlet.

Miljøperspektivet

Planframlegget legg opp til målet om at ved prosjektering, bygging og rehabilitering av anlegg og område for idrett og friluftsliv, skal det takast omsyn til miljø, lokalisering og universell utforming.

Fylkesmannen meiner at planlegging også må inngå i målet og at RPR for areal- og transportplanlegging må ligge til grunn for lokaliseringa for å avgrense biltransporten. Utifrå klimautfordringane, vert dette enno viktigare.

Friluftsliv

Den nye fylkesdelplanen som og omfattar friluftsliv må reflektere nasjonale mål for politikkområdet, jf St.meld nr 39 (200 -2001) om "Friluftsliv. Ein veg til høgare livskvalitet". Det overordna målet er at "alle skal ha høve til å drive friluftsliv som helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg aktivitet i nærmiljøet og i naturen elles". Planen må spegle nasjonale resultatmål for friluftsliv, om allemannsretten og friluftslivet som miljøvennleg aktivitet knytt til ferdsle, opphald og hausting. Barn og unges vilkår for å utvikle dugleik i friluftsliv og verdien av grøntområde og nærmiljø (sjå under) må stå sentralt.

Det er eit ambisiøst mål å nå *alle* deler av befolkninga. Målsettinga gjer det nødvendig å utvikle fleire og ulike sett med strategiar og verkemiddel.

Heilt sentralt står langsiktig arbeid for å sikre areal og forvalte område som vert nytta til friluftsutøving. Ansvar for å sikre at viktige areal ikkje vert omdisponert eller tapt ligg til kommunane og planstyresmakter på alle nivå. Arbeidet må følgje fleire spor, der sikring (kjøp og servituttavtaler) og sikring gjennom arealplanlegginga har like stor fokus.

I utkastet til fylkesdelplan er oppdatering av oversikt over sikringsbehov og kartlegging/verdsetting av friluftsområde eit av tiltaka. *Råd til kommunane* omfattar fastsetting av "byfjellsgrenser" i pressområde og sikring av grøne korridorar. Fylkesmannen meiner at måla i fylkesdelplanen når det gjeld arealforvaltning bør forplikte dei offentlege aktørane på ein tydelegare måte enn det som går fram av høyringsutkastet. Regionale planstyresmakter må vere aktive pådrivarar for å sikre og vektlegge verdien av areal for friluftsliv. I vårt fylke gjeld dette mange ulike område både knytt til by/tettstad og til utmarksområde langs sjø og vassdrag, fjell og skogområde. Strandsona må framleis ha eit særleg fokus i fylket. Måla i fylkesdelplanen må utformast slik at det gir tydelege føringar inn i kommuneplanlegginga og reguleringsplanarbeidet.

Statlege midlar til sikring av friluftsområde har vore aukande, noko som opna for å sikre langt fleire område enn i tidligare periodar. Føresetnaden for å få fram sikrings sakene er likevel at kommunar og friluftsråd har ressursar til å drive fram sakene. Arbeid set krav til langsiktig og vedvarande innsats.

Barn og unge

Fylkesmannen meiner at barn og unge må vere mellom dei spesielt utvalde målgruppe for å sikre fysisk aktivitet, på line med utviklingshemma, personar innan psykisk helsevern og eldre. Nasjonale målsettingar innan friluftsliv, og folkehelse og oppvekstvilkår står opp under ei slik satsing. Vi viser og til "Barnas framtid, nasjonal strategi for barn og unges miljø og helse 2007 – 2016" som bør gi føringar inn i Fylkesdelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

Slik fylkesmannen ser det er det ei viktig kopling mellom Fylkesdelplanen og Handlingsprogram for folkehelse (2007- 2008). Fylkesmannen legg til grunn at partnerskapsarbeidet vil bli vidareført inn i planperioden for Fylkesdelplanen, som vil gjelde for 2008 - 2012. Det er difor viktig at planen styrkjer og støtte opp under dei mest sentrale innsatsområda i handlingsprogrammet. Fylkesmannen vil særleg peike på alle tiltak som gjeld sikring av areal og tilrettelegging for fysisk aktivitet. Det er difor positivt at tiltaksdelen av planen har med prosjekt som oppdatering av oversyn over sikringsbehov, oppfølging av prosjekt "Registrering og verdsetting av regionale friluftsområde". Fylkesmannen meiner at regionalt plannivå må ta medansvar for tema som gjeld fastsetting av byfjellsgrense/ markagrense og sikring av grøne korridorar i nærmiljøa.

Fleire kommunar i Hordaland er i gang med å nytte barn aktivt som informantar om kva for område som er viktige til leik og opphald. Gjennom ulike metodar for Barnetrakk og kartlegging av uteområde får kommunane kunnskap som skal leggjast til grunn i arealforvaltninga. Arbeidet er og viktig som metode for å sikre medverknad frå barn og unge i planlegginga. Fylkesmannen foreslår at Fylkesdelplanen tek inn tiltak om barnetrakk for å synleggjere nasjonal og regional satsing på barns medverknad i arealplanlegging.

Tilgong til grøntareal, landbruksareal og friluftsområde nær skule og barnehage, er svært viktig for at kommunane skal kunne følgje opp nasjonale mål innan utdanning. Vi viser til Rammeplan for barnehagar og intensjonane i Læreplan for Kunnskapsløftet.

Oppsummering

Fylkesmannen meiner at tilhøvet til nasjonal politikk må gå klårare fram av planframlegget. Planprosessen fram til no har ikkje inkludert fylkesmannen tilfredsstillande. Planframlegget bør i sterkare grad legge vekt på barn og unge som målgruppe i høve til fysisk aktivitet og friluftsliv og vere meir konkret i høve til arealplanlegging.

Med helsing


Svein Alsaker
Fylkesmann


Terje Aasen
Fylkesmiljøvernssjef

Hordaland Fylkeskommune

| | |
|-------------------------|-------------|
| HORDALAND FYLKESKOMMUNE | |
| Saknr. 200603248 | Dok.nr. 69 |
| 29 APR 2008 | |
| Arkivnr. 712 | Saksh. JGAR |
| Eksp. | |
| U.off. | |

Bergen 23.04.2008

Høyringsfråsegn til fylkesdelplan Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2008-2012 – Aktiv kvar dag.

Vi viser til høyringsutkast av fylkesdelplan 2008-2012 som omhandlar fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Etter å ha lest gjennom utkastet, synest vi i stor grad at den omfattar dei viktigaste prinsippa innanfor fysisk aktivitet og arbeidet mot ein aktiv kvardag. Planen inneheld grundige punkt kor målet er å inkludere alle i samfunnet. Dette er bra for at tiltaka i planen skal nå alle grupper. Planen gir ei detaljert oversikt over dagens anlegg i Hordaland, noko som viser kva tilbod befolkninga kan nytte seg av.

Under følgjer punkt som vi meiner kan være viktig å inkludere:

- Anbefalingar for fysisk aktivitet for barn, unge og vaksne. Ein stor del av befolkninga er inaktive og treng motivasjon for å komme i gang med fysisk aktivitet. Vi trur at det for mange vil vere motiverande å få konkret opplysning om kva som skal til for å oppnå helseeffekt.

Sosial og helsedirektoratet har utarbeidd anbefalingar for fysisk aktivitet for barn, unge og vaksne. Dei er presenterte på nettsida www.1-2-30.no. Ei slik opplysning kan takast med i kapittel "3.1 Fysisk aktivitet – partnerskap for folkehelse" under avsnittet "Aktivitetsvanar = helsevinst".

- Vår oppfatning er at mange bruker ulike treningssenter for å oppretthalde fysisk form. Av den grunn meiner vi at planen i større grad bør ta for seg kva rolle treningssenterbransjen har i samfunnet, i tillegg til å opplyse kort om dei ulike tilboda treningssentra tilbyr befolkninga (For eksempel barnetrening, eldretrening, trening for gravide med meir)

Vi er klar over at å vere medlem i eit treningssenter er ganske dyrt. Dette kan føre til at nokre personar ikkje har råd til å vere medlem og nytte seg av slike tilbod. Vi ønskjer likevel å påpeike at andre tilbod som er nemnt i planen også kostar pengar, for eksempel symjehall, isbanar, skianlegg, golfanlegg etc. Også i idrettslag må ein betale medlemsavgift. Difor meiner vi at treningssenterbransjen også bør få ein større plass i planen, på lik linje med andre anlegg.

Alt i alt synest vi at planen innehelder gode og viktige mål, tiltak og strategiar, som vi håper vil kunne gjennomførast fram mot 2013.

Med vennleg helsing studentar frå Noregs Idrettshøgskole

Ine Abrahamsen

Mona Nilsson

Høyring til "Aktiv kvar dag 2008-2011"

"At litteratur og formidling bringes inn på idrettsarenaen er positivt. Å lese er viktig for å utvikle hele mennesket." Per-Mathias Høgmo, Toppfotballsjef

"Idrett og lesing" handlar om å få idrettsungdom mellom 13-19 år til å få leselyst på fritida, ved sida av utøving av idretten. Bibliotek plasserer ut bokbagar i lokala til idrettslaga, og innhaldet i kvar bag er variert; romanar, biografiar, fagbøker og lydbøker, og med ulik vanskegrad, slik at innhaldet når fram til lesarane. Lokale bibliotek stiller med garderobebibliotekarar som formidlar nokre av bøkene på besøk hjå idrettsklubbane. Det er også mogleg å få besøk av idrettsutøvarar, forfattarar eller ha pizzakveld. Foreningen !les står bak prosjektet, med støtte frå mellom anna ABM-utvikling og Norsk kulturråd.

Hordaland fylkesbibliotek ser positivt på at fleire bibliotek og idrettslag samarbeider om idrett og lesing.

Eit idrett og lesing-tiltak i Fitjar, kan de lese om her:

http://bokpallen.no/images/stories/pdf/fitjar_garderobe.pdf

Meir om idrett og lesing finst på denne nettsida: www.bokpallen.no

Jeg synes boken God i mål av Ola By Rise er en fantastisk bok. Kvinnefotballen trenger flere keepere og kanskje kan denne boken bidra til at flere får lyst til å stå i mål.

Melissa Wiik, Asker og fotballandslaget



ailo_banner[1].jpg



helstad_banner[1].jpg



Kultur- og idrettsavdelinga
Her

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
200708855-36/015/DAHI

Dykkar ref.:

Bergen, 14. april 2008

Fylkesdelplan Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2008-2012 - høyringsfråsegn

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland har handsama fylkesdelplan *Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2008-2012* i rådsmøte 11.03.08 og 14.04.08.

Rådet har avgjort fylgjande fråsegn:

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland vurderer Fylkesdelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2008-2012 som eit utfordrande og forpliktande dokument.

Rådet har merka seg formuleringa i høyringsutkastet der det vert lagt vekt på at mål, strategiar og tiltak legg til rette for at alle kan nytte naturen som eit helsefremjande verkemiddel til fysisk aktivitet i kvardagen. Planen er eit godt verktøy i arbeidet for fysisk aktivitet på lågterskelnivå.

Rådet vil her presisere at omgrepet "universell utforming" må vera med i all planlegging og utforming av det fysiske aktivitetstilbodet.

Kommentarar:

Pkt. 2.1 Frivillige organisasjonar

Stimuleringsmidlar er ein viktig motivasjonsfaktor for det frivillige arbeidet.

Pkt. 2.2 Næringsutvikling – reiseliv og turisme

Statleg idrettspolitikkk for tildeling av offentleg støtte føreset at anlegga er opne for alle.

I regelverket for spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet gjeld kravet i byggjeforskrifta om at anlegget skal vera tilgjengeleg og lagt til rette for funksjonshemma. I vilkåra står det også at ein skal prøve finne løysingar ved hjelp av prinsippet om universell utforming.

Det er viktig at det her ikkje vert gjeve dispensasjonar frå lovkrava, og at ein sikrar at vilkåra for tildeling av offentleg støtte vert kvalitetssikra ved ferdigstillings- og etterkontroll.

Pkt. 2.3 Miljø, utforming og lokalisering – aktivitet og nært friluftsliv

Det er viktig at trafikksikre korridorar reduserer trongen for å køyra bil til innfallsportane til friluftsområda, men ved desse innfallsportane må det etablerast HC-parkeringsplassar.

Pkt. 2.3 Miljø, utforming og lokalisering – universell utforming

Fylkeskommunalt/kommunale råd for menneske med nedsett funksjonsevne innehar viktig brukarkompetanse. Råda må nyttast i plan- og gjennomføringsfasen for å sikra at brukarperspektivet har ei forankring.

Pkt. 3.3 Fysisk aktivitet – friluftsliv som del av partnerskapsarbeidet

I tillegg til friluftsorganisasjonane må brukarorganisasjonane for funksjonshemma trekkjast aktivt inn som ein del av partnerskapsarbeidet for folkehelse

Pkt. 3.3 Fysisk aktivitet – friluftsliv i kommunale planar


Når planen her nemner at friluftsorganisasjonane sine lokale lag må bli ein formell høyringspart, så må dette også gjelde for brukarorganisasjonane for funksjonshemma og kommunalt råd for funksjonshemma.

Pkt. 3.4 Anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv – friluftslivsanlegg

Ved all tilrettelegging må prinsippet om universell utforming leggjast til grunn. Turstiar og turveggar må ha universelt utforma skilting/merking og informasjon tilrettelagt for alle, og fast vegdekke/overflatestruktur og akseptable stigningforhold.

Det bør også utarbeidast eit "Tilgjengelighetskart" over anlegg til idrett og friluftsliv i fylket som er tilrettelagt for menneske med nedsett funksjonsevne.

For Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland


Dagmar Reutz Hillestad
- rådssekretær -



Kultur- og idrettsavdelinga
Her

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
200800333-37/015/DAHI

Dykkar ref.:

Bergen, 18. april 2008

Fylkesdelplan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2008-2012, høyringsfråsegn

Fylkeseldrerådet i Hordaland handsama fylkesdelplan *Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2008-2012* i rådsmøte 31.03.08, sak 08/08.

Rådet har avgjort fylgjande fråsegn:

"Fylkeseldrerådet i Hordaland har merka seg formuleringa i høyringsutkastet der det vert lagt vekt på at mål, strategiar og tiltak legg til rette for at alle kan nytte naturen som eit helsefremjande verkemiddel til fysisk aktivitet i kvardagen.

Rådet vurderer Fylkesdelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2008-2012 som eit utfordrande og forpliktande dokument.

Hordaland fylkeskommune bør særleg vektleggje samarbeidet med kommunane i fylket når det gjeld å få dei inaktive aktive – t.d. ved å tilretteleggje for personar innan psykisk helsevern, utviklingshemma og eldre. Desse gruppene skal ha tilbod om lågterskelaktivitet som ikkje stiller for store krav til den einskilde.

Fylkeseldrerådet vil her presisere at omgrepet "universell utforming" må vera med i all planlegging og utforming av det fysiske aktivitetstilbodet.

Like viktig som bygging av fleirbrukshallar, er bygging/rehabilitering og vedlikehald av eksisterande symjehallar. Fysisk aktivitet i vatn er viktig for alle brukargruppe. Når det i planen vert sagt at rehabilitering bør vurderast, så meiner rådet at dette må prioriterast.

Viktige tiltak er at ein prioriterar bygging av gang- og sykkelstiar i folk sitt nærmiljø.


Dette vil også gje sikrere skuleveg for born og unge.

Friareala bør leggjast til rette slik at det motiverar både gamle og unge til fysisk aktivitet.

Tilrettelegging for aktivt friluftsliv bør vera ein viktig del av folkehelsearbeidet i kommunane. Når det gjeld fysisk aktivitet er einslege eldre som bur i utkantane ofte utan tilbod.. For denne gruppa er det viktig at kommunen og/eller frivillige organisasjonar utformar aktivitetstilbod også til desse gruppene.

Det er viktig å sikre regionale friluftareal. Like eins vern av allemannsretten som sikrar mot byggjing i strandsona."

For Fylkeseldrerådet i Hordaland


Dagmar Reutz Hillestad
-rådssekretær-



2.6.08

Hordaland Fylkeskommune
Opplæringsavdelingen
Kultur og idrettsavdelingen
Boks 7900
5200 Bergen

HØRINGSUTTALELSE FYLKESDELPLAN "Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv"

Jeg tillater med dette å komme med en uttalelse til denne fylkesdelplanen. Fristen er for lengst gått ut, men så vidt jeg kan se har ikke de Fylkeskommunale skolene blitt informert om at planen er laget og er blitt sendt ut på høring. Det er ved en ren tilfeldighet at jeg er blitt oppmerksom på planarbeidet.

Det er et konkret punkt i planen jeg som skoleleder vil uttale meg om:

Under kap 3.2. Fysisk aktivitet – idrett er det inntatt et "Tiltak – Hordaland Fylkeskommune" der det under pkt. d står: "Fylkeskommunale eide idrettsanlegg skal være gratis å bruke for barn og unge".

Dette er en god intensjon som de fleste vil kunne slutte seg til rent prinsipielt. Men jeg savner en utdypning. Hvis tilbudet skal være gratis for barn og unge – hvem skal da betale for slitasje, varme, ventilasjon, renhold, vedlikehold ved skolenes anlegg.

Vår skole har en flott gymsal som er opptatt alle ukens kvelder. I alle hovedsak er det aldersbestemt idrett som utøves. Lagene hører hjemme i Bergen som vel har det kulturpolitiske ansvaret for barn- og ungdomsidretten hjemmehørende i kommunen. Vi har store utgifter knyttet til utleie. I tillegg til utgifter som nevnt over kommer også bruk av administrative og merkantile ressurser.

For å illustrere; omlag 40 % av våre utgifter til strøm knytter seg til utleie av idrettshallen – og strømregningen siste året var på ca 800 000 kroner.

Vi kan ikke forstå at det er den enkelte skoles ansvar å subsidiere idretten. Vi har og tar på oss en forpliktelse for en idrettslig bruk av hallen, men driftsutgiftene kan ikke belastes denne videregående skoles budsjett som jo skal gå til drift og undervisning.

Dersom man med dette **pkt 3.2 bokstav d** mener at slike utgifter skal belastes den enkelte skole, vil vi protestere på det sterkeste. Vi tar det derfor for gitt at man med gratis utleie her mener andre finansieringskilder.

Jeg håper derfor man i det videre arbeidet konkretiseres dette punktet slik at ikke våre elevers tilbud om undervisning blir lidende i årene 2008-2012.

Vennlig hilsen

Åge R. Rosnes
rektor

Dato: 8. mai 2008

Byrådsak /08

Byrådet

Høringsuttalelse til fylkesdelplan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2008-2012 - "Aktiv kvar dag".

FRKA SARK-03-200804437-6

Hva saken gjelder:

Fylkesutvalget i Hordaland vedtok i møte den 13. februar 2008 å sende fylkesdelplan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv "Aktiv kvar dag" på høring. I høringsutkastet uttrykkes politiske ambisjoner og prioriteringer innenfor feltet idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv i planperioden frem mot 2013. Fylkesutvalget har lagt vekt på politiske føringer fra regionalt og nasjonalt hold.

Opprinnelig høringsfrist var satt til 21. april 2008. Med bakgrunn i den politiske prosessen er Bergen kommune gitt anledning til å oversende byrådets innstilling når denne foreligger, og ettersende eventuelle merknader fra Komite for kultur, idrett og næring, som skal sluttbehandle saken.

Byrådet anbefaler at Bergen kommune gir sin tilslutning til planens visjon - Aktiv kvar dag og hovedsatsningsområdene, fysisk aktivitet - folkehelse og anlegg for idrett og friluftsliv. Det anbefales en sterkere fokus på hvordan frivilligheten og næringsperspektivet kan styrkes.

I tillegg vil byrådet at Hordaland sin andel av tilskuddet fra statlige spillemidler skal økes, og at bergensregionens andel må stå i forhold til den aktivitet, befolkningsmengde og byggekostnader som regionen representerer.

Byrådet ser det som viktig med "klyngedannelse" av flere idrettsanleggstyper, kultur- og friluftsanlegg i Bergen og bergensregionen. Det vil gi bruks- drifts- og vedlikeholdsgevinster. Det bør også skilles mellom rene idrettsparker, idrettsanlegg og nærmiljøanlegg i tilknytning til skoler. Det er behov for begge deler i byområder.

Byrådet foreslår dessuten økt samarbeid mellom de ulike kommunene i fylket og etterlyser en bedre ressursbeskrivelse for hvordan planen kan gjennomføres.

Begrunnelse for fremleggelse for bystyret:

Forretningsutvalgets møte 15.04.08, sak 95/08 fattet følgende vedtak:

"Byrådet behandler og avgir innstilling til bystyret på Høring - Fylkesdelsplan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2008-2012 - Aktiv kvar dag. Komite for kultur, idrett og næring sluttbehandler høringssaken. Saken sendes i tillegg som orienteringssak til Komite for miljø og byutvikling, Komite for helse og sosial og Komite for oppvekst"

Byrådet innstiller til Komite for kultur, idrett og næring å fatte følgende vedtak:

Komite for kultur, idrett og næring tar høringsuttalelse til Fylkesdelsplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2008-2012- "Aktiv kvar dag" til orientering.

Monica Mæland
byrådsleder

Henning Warloe
byråd for kultur, næring og idrett

Saksutredning:

"Aktiv kvar dag" er rullering av Fylkesdelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv (2002-2005). Den foreslår visjon, mål, strategier og tiltak for arbeidet med fysisk aktivitet i Hordaland fram mot 2013. Planen er en del av et fylkeskommunalt plansystem der Fylkesdelplan for Hordaland 2005-2008 legger føringer for fylkeskommunal virksomhet, og er retningsgivende for kommunal og statlig planlegging i fylket.

"Aktiv kvar dag 2008-2012" skal uttrykke de politiske ambisjoner og prioriteringer som skal være gjeldende innenfor arbeidet med fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Hordaland. Hovedsatsningsområdet er tilrettelegging for fysisk aktivitet og anleggsutvikling. Innen fysisk aktivitet er folkehelse, idrett og friluftsliv sentrale områder. For anleggsutvikling er bygging og rehabilitering av idretts- og friluftsanlegg, finansiering, drift og vedlikehold, sikring, miljø og universell utforming sentrale element for å skape en aktiv hverdag for folk i Hordaland. Folkehelsearbeidet i Hordaland er konkretisert i Handlingsprogram for folkehelse (2007-2008). Partnerskapsavtaler sikrer et langsiktig et tverrfaglig arbeid med folk sin helse lokalt og regionalt.

Fylkesutvalget i Hordaland vedtok i møte den 13. februar 2008 å sende planen på høring. Opprinnelig høringsfrist var satt til 21. april 2008. Med bakgrunn i den politiske prosessen er Bergen kommune gitt anledning til å oversende byrådets innstilling når denne foreligger, og ettersende eventuelle merknader fra Komite for kultur, idrett og næring, som skal sluttbehandle saken.

Vurdering:

Bergen kommune har under arbeid en ny idrettsplan med et 10.års perspektiv fra 2009 - 2019. Mange av de tema som belyses i høringsutkastet vil og være gjenstand for vurderinger og drøftinger i Bergen kommunes idrettsplan. Bergen kommune sine synspunkter må derfor sees i en slik sammenheng.

Bergen kommune kan slutte seg til planens visjon - **aktiv kvar dag**.

Forslag til hovedmål i planen, er at innbyggerne i Hordaland skal kunne være aktiv hver dag etter egne ønsker og forutsetninger på allment tilgjengelig område i naturen og i anlegg i nærheten av der de bor. Dette følges opp med forslag om å prioritere satsningsområdene fysisk aktivitet - folkehelse og anlegg for idrett og friluftsliv. I hovedsak kan Bergen kommune slutte seg til dette.

Høringsutkastet inneholder en faglig og god beskrivelse av idrettens betydning i et samfunnsmessig perspektiv. Den frivillige innsatsen som idretten og mange andre organisasjoner og enkeltpersoner nedlegger, representerer en grunnleggende verdi og gir en god verdiskapning for samfunnet. Frivilligheten slik Bergen kommune kjenner den i Hordaland, kan ikke sees på som en konstant faktor. Bortfallet av "automatinntekter" gir frivillige organisasjoner store utfordringer. Tillitsvalgte og ledere må bruke mer tid på inntektsbringende arbeid, fremfor å kunne prioritere tid til utvikling av kjerneaktiviteten i idretten. Dette representerer en "trussel" i arbeidet med å beholde og rekruttere frivillige. For å møte utfordringen ser Bergen kommune et behov for en ytterligere konkretisering, for hvordan fylkeskommunen og kommunene skal styrke og sikre verdien av frivilligheten i planperioden. Det bør understrekes det ansvar det offentlige har i denne sammenheng.

I høringsutkastet beskrives sammenhengen mellom idrett, friluftsliv og næringsutvikling på en positiv måte, der merkevarebygging og ringvirkninger står sentralt. Bergen kommune ser positivt på at næringsperspektivet er tatt inn i fylkesdelplanen, men savner konkrete mål, strategier og forslag til tiltak for hvordan dette skal implementeres på idrettsområdet i planperioden.

De statlige spillemidlene er fylkeskommunens viktigste "virkemiddel" for å utvikle idretts- og friluftaktiviteter. I dag tildeler fylket for lav andel av disse til Bergen i forhold til dokumenterte behov og populasjon (ca.20%).

Bergen kommune mener det må være et klart definert mål å øke Hordaland sin andel i tilskuddet fra de statlige spillemidlene, slik at dette står i forhold til omsøkte og godkjente prosjekter i fylket. Slik situasjonen er i dag tar det mellom fire til fem år før spillemidler til et godkjent prosjekt kommer til utbetaling.

Planen må i tillegg uttrykke en klar ambisjon om at Hordaland i forbindelse med ulike programsatsninger, eksempelvis støtte til pressområder og kostnadskrevede anlegg, oppnår en andel som minst tilsvarer Hordaland sin prosentvise del av befolkningen i landet og/eller for de områder som inngår i ordningene.

Bergens andel av spillemidler i fylket, bør likeså gjenspeile befolkningstallet og idrettsaktiviteten i Bergen, kontra resten av Hordaland. I en slik sammenheng utgjør Bergens befolkning 53,6 % (2008) av Hordaland fylke sin totale befolkning. Tilsvarende utgjør idrettsaktive medlemmer i Bergen 54,4 % (2007) av den totale medlemsmassen i Hordaland fylke.

Befolkningsutviklingen viser også at veksten skjer i Bergen og Bergensregionen. Bergen kommune har og vil bygge større anlegg, eksempelvis svømmeanlegg, isanlegg m.fl. som også vil dekke behov for idretten og befolkningen utenom Bergen kommune. I planen foreslås det riktignok å styrke spillemiddeltildelingen til Bergen.

Det signaliseres i plandokumentet at Bergen sin andel for tildelinger bør økes fra 34 % til 40 %. Bergen kommune ser positivt på forslaget om økning, men andelen bør økes ytterligere i tråd med ovennevnte dokumentasjon. Utover dette bør det inngå i en slik vurdering at tomteareal og byggekostnader er vesentlig dyrere i Bergen enn i Hordaland forøvrig. Det bør også komme tydeligere frem i planen behovet for et økt samarbeid mellom kommunene i fylkets ulike regioner. Dette gjelder både aktivitetsutvikling, anleggsutvikling og drift- og vedlikehold av idrettsanlegg.

Bergen kommune savner ellers en økonomisk og faglig vurdering som beskriver hvordan mål og tiltak i planen skal kunne gjennomføres. Det bør påpekes hvilke av tiltakene som kan gi best resultat i forhold til oppsatte mål og visjoner. I motsatt fall kan dette bli et plandokument med gode intensjoner, men som i hovedtrekk ikke lar seg realisere på grunn av manglende ressurser i planperioden fram til 2013.

Kommentarer til ulike kapitler/underpunkter:

Kapittel 2.2 Næringsutvikling:

I utkastet til plan foreslås det å vektlegge næringsmessige forhold ved tildeling av tilskudd til anlegg friluftsliv og idrett, at det skal arbeides for at større nasjonale og internasjonale arrangement blir lagt til regionen, og at Hordaland skal være blant de mest attraktive områder for fotturer i Europa.

Bergen kommune kan slutte seg til ovennevnte mål og understreker den gjensidige effekt idrett og næringsutvikling kan ha i en slik sammenheng. Bergen kommune mener det i større grad bør uttrykkes hvilke utfordringer en satsning må innebære for både idretten, næringslivet og offentlig sektor. En naturlig konsekvens vil blant annet være økt fokus på offentlig, privat samarbeid (OPS) både innen anleggs- og aktivitetsutvikling.

Bergen og bergensregionen peker seg ut som naturlige lokaliseringsvalg. Det må i tillegg legges til rette for økt satsning og samarbeid om rekruttering, kvalifisering og oppfølging av enkeltpersoner (grundere/entreprenører), organisasjoner og næringsinteresser.

Bergen kommune savner en problematisering av hvordan idretten kan trekkes inn i dette arbeidet uten å miste organisasjonens integritet, og på den andre siden sikre idrettens rettigheter.

Kapittel 2.3 Miljø, utforming og lokalisering.

I utkastet foreslås det at miljø, lokalisering og universell utforming skal tas hensyn til ved prosjektering, bygging og rehabilitering av anlegg. Dette er Bergen kommune enig i.

Bergen kommune savner mål, strategier og konkrete tiltak for hvordan operatører innen idrett og fysisk aktivitet kan bidra til en grønnere profil. Idrettstransport utgjør i dag en stor andel av den totale transporten som foregår på kveldstid og i helgene. Det bør være et mål å få ned bruken av privatbiler ved idrettstransporter og transport til utfartsområder for fysisk aktivitet. Bruk av kollektiv transport vil kunne gi en utstrakt miljøgevinst. I tillegg vil det kunne bety langt sikrere og tryggere transport av tusenvis av barn og unge på veinettet i Hordaland. Fylket bør i samarbeid med organisasjoner og kommuner vurdere ulike virkemidler. En ide kan være å innføre miljøbillett for personer/organisasjoner som benytter kollektiv transport til idrett og fysisk aktivitet. Pris og tilgjengelighet er sentrale faktorer i en slik vurdering.

Et konkret eksempel kan være Vossa cup i fotball, eller tilsvarende store arrangementer i fylket: Det deltar nærmere 700 lag i Vossa cup i fotball. Inkluderes spillere, støtteapparat og familier flyttes ca. 15000 personer, i hovedsak med privatbiler til Voss denne ene helgen. En av begrunnelsene for bruk av privat transport er at dette faller rimeligere ut for klubbene. I alt kan det beregnes at ca 4000 biler brukes til transporten. De fleste bilene kommer fra Bergen og bergensregionen. I alt vil disse belaste veinettet med ca. 90 000 mil.

Dersom transporten i hovedsak flyttes over til tog og eller buss vil det kunne tas ut en vesentlig miljøgevinst. Ved et antall busser/tog på rundt 300, vil det gi en bussbelastning på veinettet på ca 7000 mil og en bilbelastning på ca. 17 000 mil. Samlet gevinst vil være 75 % i reduksjon i antall kilometer belastning på veinettet. I tillegg vil idrettsmiljøet kunne berikes gjennom økt fokus på felles reiseopplevelser, og busselskap/jernbane vil kunne ta gevinsten ut i økt transportgrunnlag og rekruttering av nye kunder for fremtiden.

Det er positivt med økt fokus mot universell utforming ved bygging av nye og rehabilitering av gamle anlegg.

Kapittel 3.1 Fysisk aktivitet partnerskap for folkehelse.

Bergen kommune kan slutte seg til forslag om forpliktende bruk av partnerskapsavtaler, og fokus på lavterskel tilbud og målet om å få fysisk inaktive aktive.

Det bør i tillegg komme tydeligere fram den utfordring det er å få til et tverrsektorielt samarbeid i offentlig sektor og i samspillet med frivillige organisasjoner. Det bør synliggjøres hvilke innstanser som er involvert i folkehelsearbeidet og hvilke ressurser som er avsatt til

dette arbeidet. I denne sammenheng bør planen beskrive hvilke utfordringene det er å legge til rette for anlegg, arealer og infrastruktur som gjør det mulig å få en mer aktiv hverdag.

Kapittel 3.2 Fysisk aktivitet - idrett

Det foreslås å trekke idretten aktivt med som samarbeidspartner i utvikling av partnerskapsavtaler, og gi tilbudet til personer med særskilte behov, videreutvikle Idrettens hus som kompetansesenter, og at unge lovende idrettsutøvere må få utviklet seg i lokalmiljø/regionen. Dette kan Bergen kommune slutte seg til.

I tillegg bør det fremkomme at Bergen kommune tilrettelegger for at Olympiatoppen og fylkeskommunen kan gjennomføre satsning på idrett og videregående skole. Det savnes en beskrivelse for hvilken rolle fylket skal ha opp mot høyskole og universitet med tanke på å bedre muligheten for å kombinere idrett og utdanning. Det bør uttrykkes en klar ambisjon om å bygge opp og utvikle et konkurransedyktig kompetansemiljø for idrett i Bergen. Det bør i planen uttrykkes en klarere rollefordeling mellom idretten, fylkeskommunen og kommunene. Det bør beskrives hvordan det skal arbeides og hvilke forutsetninger som skal til for å få store nasjonale og internasjonale mesterskap til Hordaland.

Kapittel 3.3 Fysisk aktivitet - friluftsliv.

I utkastet foreslås det fem ulike mål. Det foreslås å sikre grunnlaget for allemannsretten, tilrettelagging for det enkle friluftslivet, oppgradere flere og bedre friluftsanlegg, økt samarbeid med friluftslivsorganisasjoner, større fokus på personer med særskilte behov og utvikle friluftslivets hus som informasjon og kompetansesenter.

I planen fokuseres det på mange viktige innsatsområder for å styrke friluftslivet i Hordaland. Bergen kommune kan slutte seg til hovedlinjene i disse, men antall mål bør reduseres fra fem til maks tre.

For å få mer fokus på fysisk aktivitet og friluftsliv, er det viktig å vektlegge et bedre tverrsektorielt samarbeid innad i kommunene. Det vil kunne gi alle som ønsker det et tilfredsstillende tilbud innen dette viktige satsingsfeltet. Dette kan gjennomføres ved et større fokus på et positivt og stimulerende samarbeid innad i kommunen, og mellom ulike kommuner i regionen.

Bergen kommune vil fremheve den viktige rollen som friluftslivsorganisasjonene, blant annet Bergen Turlag, spiller for å fremme interessen og legge til rette for deltakelse. Det bør derfor drøftes hvordan samspillet mellom kommunene, fylket, idretten og friluftslivsorganisasjonen skal videreutvikles.

Flere av turlagets arrangementer har også et stort potensial i et næringsperspektiv, og bør inngå som et utvidet satsningsområde i utvikling av idretts/friluftsnæring i Hordaland.

Kapittel 3.4 Anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

I utkastet beskrives det fire mål. Disse er å gjøre anlegg tilgjengelig for folk i nærmiljøet, styrke anleggsutviklingen gjennom nybygging og rehabilitering, sikre universell utforming i anleggsmassen og bidra til en formålstjenlig drift- og vedlikehold av anleggsmassen.

Bergen kommune sitt hovedsynspunkt på disse er at anleggsmassen må gjenspeile den aktivitetsprofilen som er ønskelig i fremtiden. Det må i planen uttrykkes hvilke anlegg som skal prioriteres for at regionen skal kunne være vertskap for store arrangementer. I dette må lokalisering og type idrettsarrangementer/anlegg også inngå.

Bergen, bergensregionen og Voss peker seg ut som naturlige lokaliseringsvalg. For å dekke et fremtidig anleggsbehov vil det være urealistisk å få dette til uten et sterkere fokus på offentlig privat samarbeid. Dette aspektet må etter Bergen kommunes vurdering inn i planen.

Bergen kommune ser det som viktig med "klyngedannelse" av flere idrettsanleggstyper, kultur- og friluftsanlegg i Bergen og bergensregionen. Det vil gi bruks- drifts- og vedlikeholdsgevinster. Det bør også skilles mellom rene idrettsparker, idrettsanlegg og nærmiljøanlegg i tilknytning til skoler. Det er behov for begge deler i byområder.

I planutkastet fremkommer det at friluftsanlegg skal prioriteres. Dette er et naturlig satsningsområde, men Bergen kommune etterlyser hva det skal prioriteres i forhold til? For Bergen vil det falle uheldig ut om det skal gå på bekostning av nye og rehabilitering av eldre idrettsanlegg.

I utkastet fremkommer en underdekning av flerbrukshaller i Bergen og omlandskommunene. Det bør komme klarere til uttrykk hva som er tallgrunnlag for status og behovsvurdering av antall flerbrukshaller, spesielt er det interessant å se tallgrunnlaget i forhold til de største byene i landet.

I forbindelse med bygging av hovedanlegg for svømming og stup bør det komme klarere frem at tilskuddet fra stat og fylket bør høynes vesentlig i forhold til det som tidligere er forespeilet.

I utkastet til plan sies at det er ønskelig med en ishall i hver region innen år 2020, samt å utvikle Bergen Ishall (Slåtthaug). Bergen kommune vil i sin nye idrettsplan vurdere kommunens satsning på isanlegg, og kan derfor ikke slutte seg til den foreslåtte teksten på dette punktet side 24. Bergen kommune vil likevel understreke at is er et populært aktivitetsunderlag, og erfaringene med dagens isanlegg er positive. Flere isanlegg vil legge bedre grunnlag for å utvikle den organiserte og egenorganiserte idretten og betyr et mer variert idretts- og aktivitetstilbud. En videre utbygging vil forutsette medvirkning fra andre kommuner, fylkeskommune og private. Dette er forutsetninger som bør bygges inn i fylkesdelplanen.

Når det gjelder kunstgressbaner ser Bergen kommune behov for både å oppgradere gjenstående grusbaner til kunstgress, og til å frigjøre noe av arealene til andre idrettsformål. Dette er en problemstilling som og gjelder i Hordaland for øvrig. I løpet av planperioden og i de nærmeste påfølgende årene, vil det være et stort behov for spillemidler til rehabilitering av kunstgressbaner.

Det foreslås i planen at det ikke blir prioritert å bygge flere store motorsportsanlegg utover Eikås. Bergen kommune mener at det bør fremkomme ønske og behov om at Eikås motorsportssenter videreutvikles som fylkets motorsportssenter i planperioden.

Bergen kommune vil se positivt på et regionalt samarbeid om utvikling av skianlegg. Voss bør i denne sammenheng prioriteres.

Det bør i planen dessuten være et eget punkt om nærmiljøanlegg, og det foreslås å innarbeide Hordalands ambisjoner på dette viktige feltet i planen. Ballbinger bør behandles som et underpunkt. Det bør være en utstrakt målsetting å ha et variert utvalg av nærmiljøanlegg og plassering av disse.

For å imøtegå tendensen om økt fysisk inaktivitet, vil det være behov for å bygge og tilrettelegge anlegg som også kan ivareta denne målgruppen. I tillegg er det behov for anleggstyper som kan fange opp nye aktivitetstrender for barn, ungdom og voksne jfr.

FYSAK anlegget på Slettebakken. Dette passer inn i forslaget om økt satsning på miljøprofil og ny arkitektur.

Bergen kommune registrerer en økt etterspørsel på et regionalt samarbeid i forhold til drift- og vedlikehold av idrettsanlegg. Dette er et samarbeid Bergen kommune ser positivt på å videreutvikle, men ønsker en klarere rolle- og ansvarsfordeling. Dessuten er det viktig å få frem forslag til samarbeidsavtaler der de enkelte kommuners forpliktelser inngår.

Konklusjon:

Bergen kommune kan gi sin tilslutning til planens visjon - "Aktiv kvar dag", og slutter seg til hovedsatsningsområdene, fysisk aktivitet - folkehelse og anlegg for idrett og friluftsliv.

Bergen kommune vil anbefaler at økt fokus på hvordan Fylkeskommunen og kommunene kan styrke frivilligheten og implementere næringsperspektivet på idrettsområdet i planperioden. Det må uttrykkes som et klart mål å øke Hordaland sin andel i tilskuddet fra de statlige spillemidlene, slik at dette står i forhold til omsøkte og godkjente prosjekter i Fylket. Fylkes andel av statens ulike programmer, må minst tilsvare Hordaland sin prosentvise del av befolkningen i landet og eller for de områder som inngår i programmene.

Befolkningsutviklingen i Hordaland skjer primært i Bergen og bergensregionen. Det må være et mål at tildeling av spillemidler står i forhold til befolkningsmengde, antall idrettsaktive og bygge- og tomtekostnader. Det må bety at denne regionens andel av tildelinger bør økes til minimum 50 %.

Bergen kommune ønsker at planen skal fokuser mer på samarbeid mellom kommunene i fylkes ulike regioner, og det savnes en økonomisk og faglig vurdering som beskriver hvordan de formulerte mål og tiltak skal gjennomføres.



Notat

Til: Utvalg for Oppvekst og Levekår
Hordaland Fylkeskommune, kultur og idrettsavdelingen

Kopi:

Fra: Konst.kultursjef Gunnar Brynjulfsen

Sak: FYLKESDELPLAN FOR IDRETT, FYSISK AKTIVITET OG FRILUFTSLIV

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Saknr. 200603248 Dok.nr. 67

25 APR 2008

Arkivnr. 712 Saksh. JGAR

Eksp.

U.off.

Vår ref. Arkivsaknr.
07/44-9Saksbehandler direkte innvalg
Gunnar Brynjulfsen 56158466Løpenr.
11890/08Arkiv
123 C20

FYLKESDELPLAN FOR IDRETT, FYSISK AKTIVITET OG FRILUFTSLIV HØRINGSUTTALE ASKØY KOMMUNE

Fra møtet i O-UL den 07.04.2008 sak nr. 34/08

Høringsutkast til Fylkesdelplan Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2008 – 2012 oversendes prioriteringskomiteen som utarbeider uttale på vegne av Askøy kommune.

Prioriteringskomiteen i Askøy kommune har i møte den 21.04.2008 behandlet høringsutkastet og har følgende merknader til planutkastet.

Planen tar opp i kap. 3.0 "satsningsområder" - pkt. 3.1 Fysisk aktivitet – partnerskap for folkehelse.

Askøy kommune ser dette som et svært viktig satsningsområde og har inngått partnerskapsavtale med Hordaland Fylkeskommune for perioden 2007 – 2010. I den anledning skal det i løpet av våren 2008 ansettes "koordinator folkehelse barn og unge" i Askøy kommune.

Pkt. 3.4 "Anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv" – "Fylkeskommunalt investeringstilskudd".

Askøy kommune er vertskap for Fylkesidrettsanlegget for seilspport. Anlegget har bl.a. ved hjelp av fylkeskommunale investeringsmidler fått oppført mye av de nødvendige bygninger og installasjoner som det stilles krav til ved et fylkesidrettsanlegg. Anlegget er fortsatt under utvikling/utbygging og på langt nær ferdigstilt. Behovet for fylkeskommunal medvirkning vil fortsatt være tilstede. Askøy kommune ber om at ordningen med fylkeskommunal investeringstilskudd til fylkesidrettsanlegg blir vurdert på nytt. Alternativt er at fylkesidrettsanlegget for seilspport kommer inn under kategorien "store interkommunale og regionale idrettsanlegg".

Askøy kommune vil og påpeke at Ravnanger Idrettspark (friidrettsanlegg) og Askøy Forum (flerbrukshall) har kvaliteter som tilfredsstillende krav til internasjonale stevner og kamper. Disse anleggene bør også bli vurdert opp mot "store interkommunale og regionale idrettsanlegg" når det må bli aktuelt med utvidelse eller rehabilitering.

Prioriteringskomiteen vurderer planen som et godt planverktøy, oversiktlig og ivaretar alle felt innfor fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv på en god måte.

Prioriteringskomiteen syntes det er viktig at Askøy kommune er nevnt som en av de største vekst kommunene i fylket (s.27) og vil bli prioritert i forhold til dette.

Komiteen vil og påpeke at Askøy kommune også i landsmålestokk ligger høyt oppe på listen over vekst kommuner.


Gunnar Brynjulfssen
konst.kultursjef

Saksframlegg

Saksnr

Utval

Møtedato

Komite for næring, miljø og kultur

FYLKESDELPLAN FYSISK AKTIVITET, IDRETT OG FRILUFTSLIV 2008-2012 - AKTIV DAG - HØYRING

Framlegg til vedtak:

Komite for næring, miljø og kultur kjem med følgjande uttale:

Planen ser ut til å vera godt gjennomarbeid, likevel er her ein del moment som må påpeikast.

Spesielle merknader:

Framsida - Aktiv kvar dag må vera eit blikkfang på planen slik at dette vert det essensielle.

Innhaldsforteikninga – her er punktet 2.3 kome med 2 gonger

Side 11 Energiutfordringar. Kva med tryggleiken til dette? Jfr ulukka med ras og gasstankar i Ålesund.

Side 20 Friluftslivets hus. Kva er dette? Kva driv dei med? Kven er der?

Side 21 Råd til kommunane punkt d – vil her verte stønadsordningar for slike tiltak?

Side 23 Fleirbrukshallar. Tilhøva er like dårlege på Stord som i Bergen etter at Litlabø Kurs og Treningssenter vart avvikla. 2 hallar på Vikahaugane gjev 8500 innbyggjarar pr hall. I tillegg har ein press i forhold til industrien og krav om å gje pendlarane eit godt tilbod. Stord treng minst 1 ny fleirbrukshall.

Side 24 Isbanar/hallar. Stord held på med å få kostnadsrekna/planlagt kva overbygd bane vil koma på.

Side 25 Motorsportanlegg. Hustrudalen er eksisterande anlegg som søker om midlar til utbetring. Anlegget er og med i Samarbeidsrådet sin plan over regionale anlegg som skal prioriterast.

Side 26 Fylkeskommunalt investeringstilskot. Kva summar er her tale om?

Side 26 Regionale anleggsplanar for fysisk aktivitet og anlegg. Sunnhordland har ein slik plan, men det er lite anna enn verbale lovord å få. Status må styrkjast og alle regionar må få ein slik plan. Prioritera planane og anlegga i dei.

Side 27 Anleggsutvikling. Det ville vore interessant å sjå tildelte midlar i forhold til godkjende og/eller ferdige anlegg. At Bergen skal få mest er rett, men det spørst om fordelinga som her er skissert er noko god rettesnor. Når tildelingane av spelemidlar vert mindre tek det lenger tid å få realisert prosjekta. Stord slit med etterslep på 9 år! Ut frå punkt e i strategiane skal dette prioriterast.

Punkt f) Stord lyt vurderast særskilt. Tidlegare vart det sagt 1 hall pr kommune og 1 hall i tillegg pr 5000 innbyggjarar. Dette tilseier 4 hallar på Stord. Det er skilnad mellom Stord og Fitjar her!

Side 28 punkt h viser til kommentar på side 24. Skøyter er ein aktivitet som kan utøvast av dei fleste utan særlege forkunnskapar og av menneskjer i ulike aldrar.

Punkt i – at anlegga med spelemidlar bør vera gratis kan vera eit betent tema. Ut frå drift ser ein at anlegg der ein betaler for tenesta vert betre behandla enn anlegg der det er gratis. Eigarforhold og det å ta vare på ting er sentralt. Haldningar! Om ein tek betaling vil dette gå inn til drift av anlegga. Brukarane har råd til brus og snacks i kiosken, men ikkje til billett?

Punkt j – Nærmiljøanlegg retta mot jenter og inaktive vil betre dekkja det me er ute etter, meir aktivitet.

Side 29

4.0 Langtidsprogram for idrettsanlegg 2008 - 2020

Stord sitt program for dei 4 neste åra samt langtidsprogrammet vert sendt inn, dette samsvarar med kommunedelplanen for området. I forhold til vedlegg meiner ein det er mest korrekt å kalla perioden 2008 - 2012 for handlingsprogram medan perioden 2013 - 2020 vert langtidsprogram.

Generelle merknader:

Ein lyt jobba mot departement og regjering/Storting for å få saldert kø om spelmiddel, slik det er no tek det for lang tid. Laga/kommunane vert sitjande med store rentekostnader. 1-2 mrd bør investerast over statsbudsjettet i minimum ein 2 års periode. Det vert laga mykje planar og prosjekt innan helse og for folkehelsa medan det vert sett av for lite midlar for å få gjennomført tiltak. Anleggutbygging eine og åleine gjev ingen garanti for at folk er meir aktive, men det er mellom dei sterkaste og beste verkemidla me har.

Saknar litt om arbeid mot idretten og særforbunda. I det seinare har det kome fram at mellom anna handballforbundet og fotballforbundet set stadig strengare krav til tryggleik og betra fasilitetar. Tiltaka vil kosta mykje pengar noko som kan vera med på å forverra arbeidsvilkåra for idrettslaga. For å gjennomføra alle tiltaka lyt ein truleg ta opp store lån noko som vil hemma aktiviteten. Kommuneøkonomien er hardt pressa frå før og det vil vera urimeleg å prioritera midlar til utbetring av slike fasilitetar føre det å byggja anlegg som gjev aktivitet.

Stord kommune er i vekst og har stort press i forhold til gjestearbeidarar og pendlarar. Me skal vera ein idrettskommune og gje gode tilbod til dei aller fleste slik at dei har høve til å halda seg i form. Me har aldri hatt større søkjarliste og etterslepp på spelmidlane enn no. Me får ikkje tildelt meir midlar enn før spelmiddelnøkkelen vart endra. Hordland fylke fekk ein auke frå kring 40 millionar til vel 60 millionar kroner frå spelemidlane i 2003, Stord har hatt ei utjamning/nedgang i tildelte midlar. I tillegg aukar anleggskostnadane. Dette harmonerar ikkje. I tillegg til å jobba inn sentralt må fordelinga i Hordaland endrast. Fylket har godkjende søknader for ca 300 millionar i spelemidlar, det vil seia ei ventetid på 5 år. I Stord er ventetida 9 år frå ein kjem inn på lista til ein får utbetalt midlar.

Planen inneheld mange gode mål, strategiar og tiltak, men dette avheng budsjettsituasjonen og tilkomne midlar. Visualisera dette på eit vis. Her er mange ulike tiltak og områder som skal prioriterast, får det då noko konsekvens å vera prioritert til slutt?

Rådmannen, 22.04.2008

Dokumentoversyn

Trykte vedlegg: Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, Fylkesdelplan 2008-2012, høringsutkast
Vedlegg til planen

Utrykte vedlegg:

Bakgrunn / faktisk opplysningar

Me har fått planen "Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, aktiv kvar dag, Fylkesdelplan 2008-2012" til høyring. Planen er ei rullering av "Fylkesdelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2002-2005". Høyringsfristen var sett til 21. april, men grunna påske og møteplanen i komiteen er det bede om utsetjing til etter møtet 07.05.08 slik at saka kan handsamast politisk. Planen vert retningsgjevande for kommunal og statleg planlegging i fylket. Mellom anna prioritering av kva anlegg som skal få midlar og korleis ein kan få ei betre folkehelse er sentralt.

Vurdering

Planen er god og informativ med visjon, mål og ulike strategiar og tiltak for å nå desse. Ein skildrar og idretten sin verdi for samfunnet og korleis ein kan dra vekslar mellom idretten, friviljuge lag og organisasjonar, næring, miljø og samfunnet elles. Visjonen "aktiv kvar dag" er vid samstundes som han er god. Om alle i fylket vårt får høve til ein aktiv kvardag eller høve til å vera aktiv kvar dag er det forskning som syner at dette vil vera ein vinst for folkehelsa til den einskilde og sosialøkonomien til storsamfunnet på sikt. Aktivitet er så mangt og ein del spørsmål reiser seg.

Korleis er det med ynskja og behova hos innbyggjarane i fylket?

Kven er dei aktive i dag og på kva måte?

Korleis få fleire aktive?

I kva grad skal ein leggja til rette?

Korleis få med alle til å vera meir aktive?

Treng me fleire anlegg – kva?

Etter å ha gått gjennom planen vil ein gje følgjande merknader:

Spesielle merknader:

Framsida - Aktiv kvar dag må vera eit blikkfang på planen slik at dette vert det essensielle.

Innhaldsforteikninga – her er punktet 2.3 kome med 2 gonger

Side 11 Energiutfordringar. Kva med tryggleiken til dette? Jfr ulukka med ras og gasstankar i Ålesund.

Side 20 Friluftslivets hus. Kva er dette? Kva driv dei med? Kven er der?

Side 21 Råd til kommunane punkt d – vil her verte stønadsordningar for slike tiltak?

Side 23 Fleirbrukshallar. Tilhøva er like dårlege på Stord som i Bergen etter at Litlabø Kurs og Treningscenter vart avvikla. 2 hallar på Vikahaugane gjev 8500 innbyggjarar pr hall. I tillegg har ein press i forhold til industrien og krav om å gje pendlarane eit godt tilbod. Stord treng minst 1 ny fleirbrukshall.

Side 24 Isbanar/hallar. Stord held på med å få kostnadsrekna/planlagt kva overbygd bane vil koma på.

Side 25 Motorsportanlegg. Hustrudalen er eksisterande anlegg som søker om midlar til utbetring. Anlegget er og med i Samarbeidsrådet sin plan over regionale anlegg som skal prioriterast.

Side 26 Fylkeskommunalt investeringstilskot. Kva summar er her tale om?

Side 26 Regionale anleggsplanar for fysisk aktivitet og anlegg. Sunnhordland har ein slik plan, men det er lite anna enn verbale lovord å få. Status må styrkjast og alle regionar må få ein slik plan. Prioritera planane og anlegga i dei.

Side 27 Anleggsutvikling. Det ville vore interessant å sjå tildelte midlar i forhold til godkjende og/eller ferdige anlegg. At Bergen skal få mest er rett, men det spørst om fordelinga som her er skissert er noko god rettesnor. Når tildelingane av spelemidlar vert mindre tek det lenger tid å få realisert prosjekta. Stord slit med etterslep på 9 år! Ut frå punkt e i strategiane skal dette prioriterast.

Punkt f) Stord lyt vurderast særskilt. Tidlegare vart det sagt 1 hall pr kommune og 1 hall i tillegg pr 5000 innbyggjarar. Dette tilseier 4 hallar på Stord. Det er skiinad mellom Stord og Fitjar her!

Side 28 punkt h viser til kommentar på side 24. Skøyter er ein aktivitet som kan utøvast av dei fleste utan særlege forkunnskapar og av menneskjer i ulike aldrar.

Punkt i – at anlegga med spelemidlar bør vera gratis kan vera eit betent tema. Ut frå drift ser ein at anlegg der ein betaler for tenesta vert betre behandla enn anlegg der det er gratis. Eigarforhold og det å ta vare på ting er sentralt. Haldningar! Om ein tek betaling vil dette gå inn til drift av anlegga. Brukarane har råd til brus og snacks i kiosken, men ikkje til billett?

Punkt j – Nærmiljøanlegg retta mot jenter og inaktive vil betre dekkja det me er ute etter, meir aktivitet.

Side 29

4.0 Langtidsprogram for idrettsanlegg 2008 - 2020

Stord sitt program for dei 4 neste åra samt langtidsprogrammet vert sendt inn, dette samsvarar med kommunedelplanen for området. I forhold til vedlegg meiner ein det er mest korrekt å kalla perioden 2008 - 2012 for handlingsprogram medan perioden 2013 – 2020 vert langtidsprogram.

Generelle merknader:

Ein lyt jobba mot departement og regjering/Storting for å få saldert kø om spelmidlar, slik det er no tek det for lang tid. Laga/kommunane vert sitjande med store rentekostnader. 1-2 mrd bør investerast over statsbudsjettet i minimum ein 2 års periode. Det vert laga mykje planar og prosjekt innan helse og for folkehelsa medan det vert sett av for lite midlar for å få gjennomført tiltak. Anleggutbygging eine og åleine gjev ingen garanti for at folk er meir aktive, men det er mellom dei sterkaste og beste verkemidla me har.

Saknar litt om arbeid mot idretten og særforbunda. I det seinare har det kome fram at mellom anna handballforbundet og fotballforbundet set stadig strengare krav til tryggleik og betra fasilitetar. Tiltaka vil kosta mykje pengar noko som kan vera med på å forverra arbeidsvilkåra for idrettslaga. For å gjennomføra alle tiltaka lyt ein truleg ta opp store lån noko som vil hemma aktiviteten.

Kommuneøkonomien er hardt pressa frå før og det vil vera urimeleg å prioritera midlar til utbetring av slike fasilitetar føre det å byggja anlegg som gjev aktivitet.

Stord kommune er i vekst og har stort press i forhold til gjestearbeidarar og pendlarar. Me skal vera ein idrettskommune og gje gode tilbod til dei aller fleste slik at dei har høve til å halda seg i form. Me har aldri hatt større søkjarliste og etterslepp på spelmidlane enn no. Me får ikkje tildelt meir midlar enn før spelmidlelnekkelen vart endra. Hordland fylke fekk ein auke frå kring 40 millionar til vel 60 millionar kroner frå spelemidlane i 2003, Stord har hatt ei utjamning/nedgong i tildelte midlar. I tillegg aukar anleggskostnadane. Dette harmonerar ikkje. I tillegg til å jobba inn sentralt må fordelinga i Hordaland endrast. Fylket har godkjende søknader for ca 300 millionar i spelemidlar, det vil seia ei ventetid på 5 år. I Stord er ventetida 9 år frå ein kjem inn på lista til ein får utbetalt midlar.

Planen inneheld mange gode mål, strategiar og tiltak, men dette avheng budsjettsituasjonen og tilkomne midlar. Visualisera dette på eit vis. Her er mange ulike tiltak og områder som skal prioriterast, får det då noko konsekvens å vera prioritert til slutt?

Konklusjon

Planen ser ut til å vera godt gjennomarbeid, likevel er her ein del moment som må påpeikast.

Framlegg til vedtak

Komite for næring, miljø og kultur kjem med følgjande merknader:

Spesielle merknader:

Framsida - Aktiv kvar dag må vera eit blikkfang på planen slik at dette vert det essensielle.

Innhaldsforteikninga – her er punktet 2.3 kome med 2 gonger

Side 11 Energiutfordringar. Kva med tryggleiken til dette? Jfr ulukka med ras og gasstankar i Ålesund.

Side 20 Friluftslivets hus. Kva er dette? Kva driv dei med? Kven er der?

Side 21 Råd til kommunane punkt d – vil her verte stønadsordningar for slike tiltak?

Side 23 Fleirbrukshallar. Tilhøva er like dårlege på Stord som i Bergen etter at Litlabø Kurs og Treningssenter vart avvikla. 2 hallar på Vikahaugane gjev 8500 innbyggjarar pr hall. I tillegg har ein press i forhold til industrien og krav om å gje pendlarane eit godt tilbod. Stord treng minst 1 ny fleirbrukshall.

Side 24 Isbanar/hallar. Stord held på med å få kostnadsrekna/planlagt kva overbygd bane vil koma på.

Side 25 Motorsportanlegg. Hustrudalen er eksisterande anlegg som søker om midlar til utbetring. Anlegget er og med i Samarbeidsrådet sin plan over regionale anlegg som skal prioriterast.

Side 26 Fylkeskommunalt investeringstilskot. Kva summar er her tale om?

Side 26 Regionale anleggsplanar for fysisk aktivitet og anlegg. Sunnhordland har ein slik plan, men det er lite anna enn verbale lovord å få. Status må styrkjast og alle regionar må få ein slik plan. Prioritera planane og anlegga i dei.

Side 27 Anleggsutvikling. Det ville vore interessant å sjå tildelte midlar i forhold til godkjende og/eller ferdige anlegg. At Bergen skal få mest er rett, men det spørst om fordelinga som her er skissert er noko god rettesnor. Når tildelingane av spelemidlar vert mindre tek det lenger tid å få realisert prosjekta. Stord slit med etterslep på 9 år! Ut frå punkt e i strategiane skal dette prioriterast.

Punkt f) Stord lyt vurderast særskilt. Tidlegare vart det sagt 1 hall pr kommune og 1 hall i tillegg pr 5000 innbyggjarar. Dette tilseier 4 hallar på Stord. Det er skilnad mellom Stord og Fitjar her!

Side 28 punkt h viser til kommentar på side 24. Skøyter er ein aktivitet som kan utøvast av dei fleste utan særlege forkunnskapar og av menneskjer i ulike aldrar.

Punkt i – at anlegga med spelemidlar bør vera gratis kan vera eit betent tema. Ut frå drift ser ein at anlegg der ein betaler for tenesta vert betre behandla enn anlegg der det er gratis. Eigarforhold og det å ta vare på ting er sentralt. Haldningar! Om ein tek betaling vil dette gå inn til drift av anlegga. Brukarane har råd til brus og snacks i kiosken, men ikkje til billett?

Punkt j – Nærmiljøanlegg retta mot jenter og inaktive vil betre dekkja det me er ute etter, meir aktivitet.

Side 29

4.0 Langtidsprogram for idrettsanlegg 2008 - 2020

Stord sitt program for dei 4 neste åra samt langtidsprogrammet vert sendt inn, dette samsvarar med kommunedelplanen for området. I forhold til vedlegg meiner ein det er mest korrekt å kalla perioden 2008 - 2012 for handlingsprogram medan perioden 2013 – 2020 vert langtidsprogram.

Generelle merknader:

Ein lyt jobba mot departement og regjering/Storting for å få saldert kø om spelmidlar, slik det er no tek det for lang tid. Laga/kommunane vert sitjande med store rentekostnader. 1-2 mrd bør investerast over statsbudsjettet i minimum ein 2 års periode. Det vert laga mykje planar og prosjekt innan helse og for folkehelse medan det vert sett av for lite midlar for å få gjennomført tiltak. Anleggutbygging eine og åleine gjev ingen garanti for at folk er meir aktive, men det er mellom dei sterkaste og beste verkemidla me har.

Saknar litt om arbeid mot idretten og særforbunda. I det seinare har det kome fram at mellom anna handballforbundet og fotballforbundet set stadig strengare krav til tryggleik og betra fasilitetar. Tiltaka vil kosta mykje pengar noko som kan vera med på å forverra arbeidsvilkåra for idrettslaga. For å gjennomføra alle tiltaka lyt ein truleg ta opp store lån noko som vil hemma aktiviteten.

Kommuneøkonomien er hardt pressa frå før og det vil vera urimeleg å prioritera midlar til utbetring av slike fasilitetar føre det å byggja anlegg som gjev aktivitet.

Stord kommune er i vekst og har stort press i forhold til gjestearbeidarar og pendlarar. Me skal vera ein idrettskommune og gje gode tilbod til dei aller fleste slik at dei har høve til å halda seg i form. Me har aldri hatt større søkjarliste og etterslepp på spelmidlane enn no. Me får ikkje tildelt meir midlar enn før spelmiddelnøkkelen vart endra. Hordland fylke fekk ein auke frå kring 40 millionar til vel 60 millionar kroner frå spelemidlane i 2003, Stord har hatt ei utjamning/nedgong i tildelte midlar. I tillegg aukar anleggskostnadane. Dette harmonerer ikkje. I tillegg til å jobba inn sentralt må fordelinga i Hordaland endrast. Fylket har godkjende søknader for ca 300 millionar i spelemidlar, det vil seia ei ventetid på 5 år. I Stord er ventetida 9 år frå ein kjem inn på lista til ein får utbetalt midlar.

Planen inneheld mange gode mål, strategiar og tiltak, men dette avheng budsjettsituasjonen og tilkomne midlar. Visualisera dette på eit vis. Her er mange ulike tiltak og områder som skal prioriterast, får det då noko konsekvens å vera prioritert til slutt?



ETNE KOMMUNE

Kultur

Hordaland Fylkeskommune
Kultur- og idrettsavdelinga
pb 7900, 5020 BERGEN

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Saknr. 200803248 Dok.nr 66
24 APR 2008
Arkivnr. 712 Saksh. JGAR
Eksp. Etne, 21.04.2008
U.off.

Dykkar ref.:

Vår ref.:

2008000518/2008002300

Arkiv:

N-244, N-245

Sakshandsamar:

ERK

FYLKESDELPLAN FYSISK AKTIVITET, IDRETT OG FRILUFTSLIV 2008-2012 - AKTIV KVAR DAG. FRÅSEGN FRÅ ETNE KOMMUNE.

Etne kommune er ein viktig friluftslivs-, reiselivs- og kulturkommune i Sunnhordland / på indre Haugalandet. Idrett og friluftsliv er mellom dei aller viktigaste fritidsaktivitetane i kommunen, og vi har eit svært aktivt lags- og organisasjonsliv innan desse felt. På fleire område har våre tilbod regionale kvalitetar, t.d. friluftsområda i Etnefjella, med Haugesund Turistforening som største aktør, og postvegane våre. Planane for utviding av Etne Kulturhus vil også styrke Etne sin posisjon som regionalt kultursenter. Her er også fleire årlege regionale kulturarrangement i kommunen, som direkte eller indirekte har stor verdi for idretts- og friluftslivsaktivitetane (m.a. økonomisk), t.d. Etnemarknaden og Etnecupen (fotballcup for aldersbestemte klassar) i Etne og Jakt- fiske- og turdagane og bluesfestivalen i Skånevik. Spesielt i Skånevik og Åkrafjorden vert der for tida satsa målretta på reiseliv, der guida turar og aktivitetar både på fjorden og til fjells er viktige tilbod. Vi kan elles nemne at det dei seinare åra også er tilrettelagd fleire tilbod for rullestolbrukarar i kommunen, t.d. fiskeplassar i Etneelva, Etnefjella og ved Rullestadvatnet (pågåar). Friluftsrådet Vest driv også fleire friluftsområde med regionale kvalitetar i kommunen vår, dei fleste lokaliserte ved kysten.

Såleis er det viktig for Etne kommune at storsamfunnet også ser verdien av og satsar på helsefremjande tilbod, idrett og friluftsliv. Framlegg til Fylkesdelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2008-2012 gir uttrykk for dette i fleire av kapitla, t.d. kapt. 2. Når det gjeld innspel til planframlegget, vel vi å konsentrere oss om tiltaksdelen. Etne Idrettsråd, som representerer rundt 1800 aktive medlemmer i kommunen, hadde saka oppe til handsaming 14.4.08. Etne kommune støtter Etne Idrettsråd sitt innspel, gjengitt under i vårt namn. Utover dette vil vi streke under viktigeita av å halde fram og helst auke satsinga på friluftsliv, både gjennom DNT-systemet, driftstilskot til friluftsråda og til fysisk tilrettelegging og infotiltak gjennom spelemidlar og andre tilskotsordningar.

Fråsegna til Etne Idrettsråd (sendt Hordaland Idrettskrets med kopi til Hordaland fylkeskommune 19.4.08): Merk: Innspela om investeringstilskot nemnt under fleirbrukshall!

Framlegg til fylkesdelplan for idrett og friluftsliv dannar eit godt grunnlag for idrettsleg og helsefremjande arbeid i Hordaland fylke i åra som kjem. Etne kommune støtter dei to hovudsatsingsområda tilrettelegging for fysisk aktivitet og anleggsutvikling. Vi ser derimot at Hordaland dei seinare åra har hatt ei utflating i tilskotet frå spelemidla, trass ei auke i søknadsmassen. Etne kommune støtter det arbeidet som vert gjort for å få auka løyvingane for Hordaland dei komande åra.



Telefon: 53 75 80 00 • Telefaks: 53 75 80 01 • E-post: firmapost@etne.kommune.no • www.etne.kommune.no

5591 ETNE • Postboks 54 • Bankgiro: 3543.06.00050 • Org.nr.: 959 435 375

Etter kring 20 år utan tunge investeringar i idrettsanlegg i Etne kommune, har aktiviteten auka kraftig dei seinare åra. Dette har fleire årsaker, m.a. aukande medlemsmasse i idrettslaga og noko betring i økonomien til Etne kommune. Gode idretts- og kulturanlegg er også viktig for å halde på og helst auke busetnad og næringsliv i kommunen.

Pr. i dag er der konkrete planar for nye idrettsanlegg i Etne kommune til ein samla kostnad på nærare 35 mill. kr. Etne IR ønskjer å fokusere på dette i vår uttale, i første rekkje som innspel til kapt. 3.4 Anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv og kapt. 4.0. Langtidprogram for idrettsanlegg 2008-2020:

Fleirbrukshall: I siste setning nest siste avsnitt s. 23 i planframlegget kan føyast til at der også er planar for ny fleirbrukshall i Etne. Dette er knytt til planane for Etne Kulturhus/ Stødle Tusenårsstad, som er gitt regional status i regionplanen for idretts- og kulturanlegg for Sunnhordland (nemnt nedst på s. 26). Planane inkluderer også Etne Vidaregåande skule, bibliotek, kulturskule, multimediasal, klatrevegg mm., i alt kostnadsrekna til 70 mill. kr. (2006). Det vil bli søkt om investeringstilskot til regionalanlegg for anlegget, jmf. kapt. om investeringstilskot s. 26.

Kunstgrasbane: Overnemnte anlegg vil legge beslag på dagens grusbane ved Etne Kulturhus, og det er planlagt ny kunstgrasbane like ved til erstatning for denne.

Skianlegg: Der er planar for lysløype ved Hjørnås i snøsikkert område i Midtre Etnesfjell, omsøkt spelemidler 2008. Seinare kan tilbodet utvidast med skileikanlegg.

Ballbingar: Dei 3 ballbingane våre bygd 2003 er svært populære og mykje brukt. I Etne er der allereie planar for fleire bingar, m.a. ved Enge skule. Etne IR støtter desse planane og ser at der er behov for fleire slike anlegg.

Skyttaranlegg: Skyttaranlegga ved Fikse i Etne har vore under oppgradering over fleire år, inkl. nytt skyttarhus og leirduebane. Siste etappe inkluderer også planar for innandørs miniatyrskytebane, i samarbeid med Ølen Skyttarlag i nabokommunen Vindafjord. Etter dette vil anlegget framstå som blant dei beste og mest komplette i distriktet.

Rehabilitering: Sentralidrettsanlegga i Etne og Skånevik er nedslitne etter 20 års bruk, og der er behov for rehabilitering. Ved Skånevik Kultur- og idrettshall ligg føre planar for nybygg av lager/garasje, omsøkt for spelemidler i 2008. På litt sikt ser også symjeanlegget ved Enge skule (16 m) ut å ha behov for oppgradering.

Hesteanlegg i Etne: Der har vore arbeid med planar for regionalt anlegg på Enge i Etne. Ambisjonane for dette er uendra, men ein vil søkje å finne ny lokalitet til anlegget.

Der er også planar for ein del mindre nyanlegg og nærmiljøanlegg i kommunen, m.a. sandvolleybanar. Alle nye planar vil bli vurderte og samordna i **kommunedelplan for idrett og friluftsliv for Etne kommune**, som for tida er under revisjon.

Med helsing

Erik Kvalheim
Fagansvarleg kultur og miljø


Elling Hetland
Rådmann

Jens Harald Garden

Fra: Stang, Øyvind [oyvind.stang@lindas.kommune.no]

Sendt: 21. april 2008 10:06

Til: Kulturseksjonen

Emne: Vedrørende høring : Fylkesdelplan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2008 - 2012

Vedrørende høring : Fylkesdelplan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2008 – 2012

Innspill til punkt 3.4 "anleggsutvikling"

- Vi syns ikke at en bestemt prosentandel av spillemidlene skal øremerkes Bergen. Som det fremgår ellers i Fylkesdelplanen, bør pressområder prioriteres, uavhengig av om det er i Bergen kommune eller andre steder det er press. Erfaring tilsier at i områder med stor befolkningstilvekst er det svært viktig å tilrettelegge for gode fritidstilbud for å skape gode oppvekstmiljø. Derfor bør kommuner i stor vekst prioriteres. Bergen bør ikke være i noen særstilling men pressområder i Bergen bør på lik måte med andre pressområder prioriteres. Alternativt så burde det vært øremerket en bestemt prosentandel til alle kommuner med stor vekst.

Ellers ser det ut som om det er lagt ned et godt og grundig arbeid med planen. Den kan bli et nyttig arbeidsverktøy for oss når vi skal rullere vår kommunedelplan for idrett.

Vennlig hilsen:

Øyvind Stang

Kultursjef / Einingsleiar for kultur og aktivitet

Tlf: 56375166 / Mob: 47462168




Lindås kommune

Sentralbord: 5637 5100

faks: 5637 5001

www.lindas.kommune.no



AUSTRHEIM KOMMUNE

«Soa_Navn»

Hordaland fylkeskommune Kultur og idrettsavdelinga
Postboks 7900

5020 BERGEN

Dykkar ref.

Vår ref.
08/358-2

Sakshandsamar:
Kari Utkilen

Arkivkode:
FE-123-

Dato:
21.04.2008

Fylkesdelplan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2008 -2012 - Høyring

Austrheim kommune vil uttrykke sitt positive inntrykk av Fylkesdelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2008-2012, *Aktiv kvar dag*.

Vi ser at planen har fokus på å få alle i alle livsfasar med på aktivitet, ute og inne, og kommunen vil følgje dette opp i kommunale planar.

Det er svært viktig at søknadsprosedyrar til tilskotsordningar vert gjort enkle og er "forutsigbar" slik det står i planen i pkt. 2.1. Lag og organisasjonar står for det meste av tilbodet i kommunen, åleine eller i samarbeid, og med midlar som er lett tilgjengeleg vil dei frivillige kunne jobbe meir effektivt for "*Aktiv kvar dag*" for alle.

Med helsing

Kari Utkilen
avdelingsleiar



Hordaland fylkeskommune AND FYLKESKOMMUNE
Kultur- og idrettsavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

Saknr. 200603248 Dok.nr. 55
16 APR 2008
Arkivnr. 712 Saksh. JGAR
Eksp. .
Off.

Vår ref.
Saksnr.: 07/000054004
(Oppgje «vår ref.» når De tek kontakt om saka.)

Løpenummer : 003073/08
Arkivkode : 123 C2 &13
Sakshandsamar : Erik Vangnes
Direktenr. tlf. : 56 58 01 53
Gradering :

EIKELANDSOSEN 15.04.2008

Dykkar ref.
200603248-54/712/JGAR

HØYRING - FYLKESDELPLAN FYSISK AKTIVITET, IDRETT OG FRILUFTSLIV 2008 - 2012 - "AKTIV KVAR DAG" - UTTALE FRÅ FUSA KOMMUNE

Frå Fusa kommune sin ståstad inneheld planframlegget både gode analyser, strategiar og tiltak på ei rekkje felt.

Det vi saknar i dokumentet slik det ligg i dag, er eit svar på klimautfordringane som dei tradisjonelle vinteridrettane står overfor.

På kort tid har klimaendringane gjort at det er lite og ingen snø der folk flest i Hordaland bur, nær sjøen og i låglandet. Det betyr at dei fleste born i Hordaland ikkje har høve til å driva fysisk aktivitet på snø og is i nærmiljøet.

Dette er ei stode som må få konsekvensar også for offentleg politikk:

- Det må vera større fokus på å leggja til rette for anlegg som kan stimulera til vinteridrett og -aktivitet.
- Ski- og skeisedagane i skuletida vert viktigare.

Fleire ishallar og islagde flater er alt komne med i planen, men kva med skitunnel i vest og ei eiga satsing på rulleskibane for å stimulera langrennsidrettane i ei tid då snøen uteblir? Hordaland får sin første rulleskibane i 2008 på Holdhus i Fusa, men det burde vore liknande anlegg også i andre deler av fylket.

Kanskje må ein i større grad ha fokus på å leggja til rette for utfartsområde i fjellet enn det ein har i dag. Problema ein ser med trafikken til Kvamskogen på fine vinterdagar tilseier at Hordaland må satsa på å spreia denne aktiviteten på fleire anlegg og fleire område.

I Fusa har ein eit nytt anlegg under utbygging: Bygdastølen ski- og tursenter. Dette anlegget vert bygd ut av Hålandsdal IL i samarbeid med Fusa kommune og med tilskot frå lokale bedrifter. Her vert tilrettelagd skiløyper for langrenn og skiskyting, eige skileikområde og på sikt turløyper i eit større fjellområde. Dette er eit stort økonomisk løft, og ein bør kanskje vurderer å gje fleire anlegg i Hordaland ein regional status og fylkeskommunal hjelp i

finansiering av investeringar og drift om desse skal tena som utfartsområde for den folkerike Bergens-regionen.

Det kan kanskje også vera aktuelt å vurdera om Bergen og omland friluftsråd og andre friluftsråd bør sterkare inn også i arbeidet med å sikra hordalendingar tilgang til vinter og snø i åra som kjem, og ikkje berre til sommar og sjø.

Ein treng å ha ein god regional politikk på dette området skal ein klara å møta dei utfordringane som klimaendringane skaper.


Heilt konkret meiner vi:

- at det må inn eit punkt om klimaendring og vinteridrett under kap 2.3
- at ski- og skeisedagar må nemnast som eit særskild behov i skulen under kap 3.1
